



## ■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2015/2932

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 24.3.2015	Fylkeshuset, møterom 103

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Hege Myklebust Vartdal	X	Folkert Seetzen	
Sølvi Hanssen	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Gunnar Eikrem	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X	Birgitte Moe	

Andre:  
Rådgivar Tove Istad, NAV arbeidslivssenter  
Rådgivar Tove Martinsen, Stamina Helse  
Tannpleiar Ing-Marie Sundqvist (i samband med sak 7)  
Tannhelsesekretær Grete Gussiås (i samband med sak 7)

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	2.6.2015

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

I samband med sak 7/15 (programmet for etatssamlinga) vart SAMU-T komplettert med tannpleiar Ing-Marie Sundqvist og tannhelsesekretær Grete Gussiås for å lande prosessen med nye retningslinjer for profesjonalitet og samhandling på klinikkane. Prosessen starta på etatssamlinga i september 2012, og har vore følgd opp i 2014 med nye innspel frå klinikkane. Det «utvida» SAMUT-T konkluderte med 10 retningslinjer/bod som får nemninga «KOMPASS». Ein raud tråd er at pasientane sitt behov skal vere førande for struktur og innhald i tenesta, og at tenestilbudet skal vere basert på fagleg forsvarleg behandling utført av kompetentog samhandlande tannhelsepersonell. «Kompass» skal lanserast under dag 1 av etatssamlinga.

### Saksliste

1/2015	<p><b>Val av leiar og nestleiar for SAMU-T 2015</b></p> <p>Funksjonstida for medlemmene i SAMU-T er to år. Hovudverneombodet (sektorverneombodet) skal vere ein av dei faste arbeidstakarrepresentantane i utvalet. Leiar for SAMU-T blir valt vekselvis frå arbeidsgivarsida og arbeidstakarsida for eitt år om gongen. I 2014 hadde arbeidstakarsida leiarfunksjonen i utvalet.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b></p> <p>Som leiar for SAMU-T i 2015 blir valt Anthony Normann Valen. Tone Nord blir for same tidsrom valt til nestleiar for utvalet.</p>
2/2015	<p><b>Årsrapport 2014 for Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal</b></p> <p>Årsrapporten presenterer den fylkeskommunale tannhelsetenesta med vekt på måltal for tannhelsearbeidet og oppgåver som har hatt prioritet i 2014. Rapporten gir m.a. oversikt over tannhelsestanden i kvar kommune for indikatorårskulla 3-, 5-, 12- og 18-åringar.</p>

	<p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar framlegg til årsrapport 2014 for Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal til vitande.</p>
3/2015	<p><b>HMS-årsrapport 2014, inkl. sjukefråversutvikling</b> Morten Larsen orienterte. Fylkeskommunens HMS-årsrapport for 2014 er ei oppsummering av rapportane frå alle driftseiningane i fylkeskommunen, og tannhelsetenesta inngår i felles HMS-årsrapport for fylkeskommunen . Rapporten beskriv hovudtrekka i arbeidsmiljøsituasjonen i tannhelsetenesta og gir signal for det vidare forbetningsarbeidet. Sjukefråveret held seg framleis relativt lågt og viser ein liten nedgang frå 2013. I systemperspektiv blir eit satsingsområde framover å gjennomføre og dokumentere risikovurderingar og følgje opp med handlingsplanar som skal vere tilgjengeleg på dei lokale HMS-sidene på intranett</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar HMS-årsrapport 2014 for tannhelsesektoren til orientering.</p>
4/2015	<p><b>Sjukefråversutvikling 4. kvartal 2014</b> Fråverstala for 4. kvartal, brote ned på fråversintervall og distriktsnivå, vart gjennomgått. Sjukefråveret ligg godt over snittet for same kvartal dei 3 føregåande åra. Det er store distriktsvise variasjonar i sjukefråveret.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om sjukefråversutviklinga 4. kvartal 2014 til orientering.</p>
5/2015	<p><b>Årsrapport 2014 for SAMU-T</b> SAMU-T har plikt til å utarbeide ein årsrapport som beskriv aktivitetane siste driftsår, jf. AML § 7-2. Rapporten er primært til verksemda sin eigen bruk, og skal kunne leggest fram ved tilsyn.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T godkjenner årsrapporten 2014 for utvalet sitt arbeid.</p>
6/2015	<p><b>IA i tannhelsetenesta – mål og tiltaksplan</b> Morten Larsen orienterte. Eigen IA-samarbeidsavtale vart inngått mellom tannhelsetenesta og NAV i desember 2014 (SAMU-T 26/14). Samarbeidsavtalen inneber at tannhelsetenesta stiller seg bak måla i IA-avtalen og at arbeidsgivar, tillitsvalde, verneombod og tilsette i verksemda skal samarbeide målretta for å oppnå ein meir inkluderande arbeidsplass. Ein viktig føresetnad for å nå måla med IA-avtalen er eit systematisk førebyggjande HMS-arbeid som tek opp i seg IA-arbeidet.</p> <p>IA-samarbeidsavtalen skal no følgjast opp gjennom eigne IA-mål, handlingsplan og tiltak som speglar tannhelsesektoren sine utfordringar identifisert m.a. gjennom arbeidsmiljøkartleggingar gjennomført dei siste åra.</p> <p>I samband med gjennomgangen vart det også sett søkelys på kva NAV og bedriftshelsetenesta kan bidra med t.d. med bistand til kartlegging og refusjon av utgifter til tilrettelegging. Økonomiske virkemiddel frå NAV i dette arbeidet blir sett opp som eige tema på eit seinare møte. Førebygging av svangerskapsrelatert fråver er også eit tema utvalet ønskjer fokus på.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T slutter seg til framlegg til mål og tiltak for eit meir inkluderande arbeidsliv i tannhelsetenesta for perioden 2015-2018.</p>
7/2015	<p><b>Orientering – program for etatssamling 21. og 22. april</b> (Sjå innleiing til referatet).</p>

	<p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om programmet for etatssamlinga 2015 til orientering.</p>
8/2015	<p><b>Orientering - rekrutteringssituasjonen per mars 2015</b> Morten Larsen orienterte. Så langt i år har tilsettingsutvalet gjort vedtak om tilsetting i 5 tannlegestillingar og 5 tannhelsesekretærstillingar (5 vikariat). 10 nye tannlegestillingar (5 faste og 5 vikariat) er utlyst med søknadsfrist 27. mars. Dei fleste av vikariata er knytt til fødselspermisjonar. Det er svært ressurskrevjande å kvalifikasjonsvurdere kandidatar og tilsette nye medarbeidarar i dette omfanget.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om rekrutteringssituasjonen til orientering.</p>
9/2015	<p><b>Orientering – Arbeidstilsynets tilsyn 5.2 ved DTK Brattvåg</b> I samband med tilsyn ved Brattvåg legekontor har Arbeidstilsynet 5.2 gjennomført ei uanmeldt befarung i arbeidslokala til DTK Brattvåg. Bakgrunnen er at klinikken er lokalisert i same bygg som legekantoret, og at dei derfor kan ha dei same utfordringane med inneklima og luftkvalitet. I brev 12.2 varslar Arbeidstilsynet om pålegg knytt til kartlegging og risikovurdering av inneklima/luftkvalitet, tiltak/plan for å redusere/fjerne forhold som kan gi helseproblem og utareiding av rutine for å avdekke og sanere fukt-/råteskader i klinikklokala.</p> <p>Som ledd i oppfølginga av tilsynet har fylkeskommunen sin byggje- og vedlikehaldsseksjon gjennomført synfaring/kartlegging 03.03.2015. Synfaringa avdekkjer at klinikklokala er nedslite og at det er funksjonssvikt i delar av dei tekniske installasjonane. Ei samla vurdering av tilstanden tilseier behov for omfattande oppgradering. Risikovurderinga tilseier at mellombels stenging av klinikken, med overføring av arbeidstakarane til andre distriktstannklinikkar, er det einaste tiltaket som tek tilstrekkeleg omsyn til arbeidstakarane si helse.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om Arbeidstilsynets tilsyn ved DTK Brattvåg og fylkestannlegens planar for oppfølging til orientering.</p>
10/2015	<p><b>Orientering – Nytt introduksjonsprogram</b> Trainee Ingrid Walstad Larsen orienterte om status i arbeidet med det nye introduksjonsprogrammet. Programmet skal vere eit leiarverktøy forankra i visjonar, verdiar, mål og tiltak knytt til tannhelsetenestens strategi for medarbeiderutvikling. Diskusjonen sette søkelys m.a. på innretning på fadderordninga.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om status i arbeidet med nytt introduksjonsprogram til orientering.</p>
11/2015	<p><b>Open post</b> Det vart orientert om planlagt opplæring i mai for overtannlegar og sektorverneombod i den nye risikovurderingsmodulen i RiskManager</p>